

**Transportkompaniet Vevik har lenge hatt kontakt med kommunen om kjøp av meir areal på Børnes, men enno er det ikkje skjedd noko avklaring går det fram av eit brev frå sakshandsamar Jarle Fossheim.**

I mars vart Transportkompaniet Vevik tilbode å kjøpa gnr 134 bnr 92 som grensar til firmaet si tomt gnr 134 bnr 91. I juni bad firmaet om å få kjøpa ein redusert del av 92, den delen som ligg på vestsida av bnr 91.

Ei slik løysing meiner kommunen ikkje vil vera ynskjeleg då dette vil gjera vegadkomst til restarealet av 92 vanskeleg.

Kommunen vil difor halda fast ved sitt tilbod om sal av heile 134/92. Alternativt kan kommunen selja eit areal på nordsida av tomta til Transportkompaniet Vevik.

Kommunen set 1. september som frist for stadfesting om firmaet ynskjer å gjennomføra eitt av dei to alternativa. Fristen for innløyning av tomta vert sett til 1. oktober, eventuelt så snart utferding av målebrev er klart.

Av Ola Matti Mathisen